



Bkk Nett AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4 - 20/8104

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
13.02.2020

## Dispensasjon frå byggegrense mot veg

**Tiltak:** ny nettstasjon  
**Byggjestad:** Gbnr: 424/103 Bø  
**Tiltakshavar:** Bkk Nett AS  
**Ansvarleg** BKK Nett AS  
**søklar:**

Delegasjonssak nr.: 182/20

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå avstandskravet på 15m til midt kommunal veg for etablering av ny nettstasjon på Bø.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

I samband med bygging av ny barnehage på Bø, er det behov for ny oppgradert nettstasjon. Den gamle nettstasjonen ligg nokre meter frå plasseringa til den nye nettstasjonen. Den gamle nettstasjonen skal rivast når ny stasjon er på plass.

#### Vurdering/drøfting:

Plasseringa til den nye nettstasjonen vil bli liggande lenger frå vegen enn den gamle. Det skal etablerast fortau/gangveg forbi den nye nettstasjonen som vil bli plassert i ein avstand på rundt 1m frå det nye fortauet. Ei slik plassering vil ved normal drift ikkje komme i kontlikt med drift- og vedlikehald av fortau og veg.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt dispensasjon til plassering av ny nettstasjon i avstand minimum 1m frå fortau i samband med bygging av ny barnehage på Bø.

**Vedtak:**

Alver kommune dispensasjon frå avstandskravet på 15m til midt kommunal veg for plassering av ny nettstasjon med heimel i veglova §§29 og 30, på følgjande vilkår:

- Avstand mellom kant fortau og ny nettstasjon skal vere minimum 1m.
- Eksisterande nettstasjon skal fjernast når ny nettstasjon er satt i drift.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak plassert innanfor avstandskravet på 15m til midt kommunal veg. Tiltakshavar må sjølv utbetre og ta kostnad med skade som oppstår som følge av drift- og vedlikehald av vegen og sidearealet.

Det er med heimel i Veglova §§29 og 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Dette vedtaket gir berre løyve til å plassere nettstasjonen nærmare enn 15m til offentleg veg i samsvar med veglova.

Tiltaket kan vere søknadspiktig etter plan- og bygningslova.

Alver kommune legg til grunn at andre rettar og/eller privatrettslege avtalar er signert og godkjent av eventuelle grunneigarar.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS  
BKK Nett AS

Postboks 7050 5020

BERGEN